

## Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

**Møtestad:** Ålesund - Storhornet

**Dato:** 28.03.2022

**Tidspunkt:** 10:00 - 15:30

### Til stades:

Namn

Paula Næss Skår

Atle Tangen

Janne Remøy Endresen

Anne Grete Mogstad

Teams

Ann Helene Skare

Teams

Per Øvermo

Lasse Alexander Honningsvåg

### Ikkje møtt:

Namn

Asle John Giske

MEDL

Kai Knutsen Sivertsen

MEDL

Marie Ødegård Gjengstø

VARA

### Frå administrasjonen møtte:

Namn

Stilling

Ingrid Fiskerstrand

### Merknad i møte:

Pasient- og brukerombud Hanne Haavde Stenseth deltok under heile møtet.

*Møteprotokollen er godkjend i møtet*

## SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
18/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
19/22	Orientering frå administrerende direktør
20/22	Referatsaker - utan saksframlegg
21/22	Presentasjon av fagdirektør Erik Solligård
22/22	Pasient- og brukarombudet i Møre og Romsdal
23/22	Statusrapport februar 2022 samt orientering frå økonomidirektør Trine Sperre
24/22	Orientering - Pasientsentrert helsetjenesteteam
25/22	Representasjon i råd og utval
26/22	Handlingsplan 2022

### 18/22 Godkjenning av innkalling og saksliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 18/2022 i møte den 28.03.2022

#### Behandling

#### Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenn innkalling og saksliste

### 19/22 Orientering frå administrerende direktør

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 19/2022 i møte den 28.03.2022

#### Behandling

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal fekk ei orientering frå administrerende direktør Øyvind Bakke om følgjande saker:

- **Servicebegrepet** - korleis pasientane opplever møte med Helse Møre og Romsdal
- **Sykehusutvalget** - regjeringsoppnevnt utval som skal utrede helseforetaksmodellen
- Avtale om etablering av **Vardesenter** er signert
- **Parkeringssituasjonen** ved sjukehusa skal ha en gjennomgang. Pr. i dag er det for lite parkering både for ansatte og for pasientar. Brukarutvalet ønskjer brukarmedverkning i parkeringsprosjektet.
- **Leiarsamling i Molde 10. mars.** Vellykka samling med gode tilbakemeldingar.
- Helseforetaket planlegger **ny videoløsning** - meir informasjon kjem på styremøtet
- **Ambulansestasjoner**
- **Endring i Styret HMR.** Lodve Solholm går av som nestleiar, Gerd Marit Langøy vert ny nestleiar og nytt styremedlem vert Torill Ytreberg.
- **Ventetid** - ikkje store endringar frå januar
- Fremdeles **fristbrot** i voksenpsykiatrien.
- Møte i **sentral kriseledelsen** i dag - Helse Møre og Romsdal går truleg over til **kvit beredskap**.

- **Flyktningekrisen** - det planleggast sykehusdrift som vanlig, men endringar kan komme pga usikkerhet rundt situasjonen.
- Evt. trussel om **IKT- og cyberangrep** overvakast av Hemit.
- Bygging av **SNR** går etter planen.
- **Fødetilbudet i Kristiansund.** Det arbeidast no med ei ROS-analyse og helseforetaket har engasjert ekstern hjelp til dette.
- **Stellerom for vaksne** på Volda sjukehus er under bygging.
- **Pasientreiser.** Brukarutvalet ber om orientering om planane.

## Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

## 20/22 Referatsaker - utan saksframlegg

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 20/2022 i møte den 28.03.2022

## Behandling

Følgjande referat har blitt lagt fram for brukarutvalet:

- Protokoll RBU 07.03.22
- 2021 Nasjonal årsmelding for alle pasient- og brukarombuda
- 2021 Årsmelding Pasient- og brukarombudet i Møre og Romsdal

## Vedtak

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal tek referata til vitende.

## 21/22 Presentasjon av fagdirektør Erik Solligård

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 21/2022 i møte den 28.03.2022

## Behandling

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal fekk møte fagdirektør Erik Solligård. Han fortalte om kva han har arbeid med tidlegare og kva han skal jobbe med i Helse Møre og Romsdal framover.

- **Godt samarbeid mellom sjukehusa** må være tilstade for å lukkast.
- Helse Møre og Romsdal er god på **forsking**.
- Nytt i 2022 - **deler av legestudiet ved NTNU Ålesund**.
- **Pasientsikkerheit**
- **"Råbra"** er et viktig prosjekt. Viktig å gjere meir av det ein er god på.
- **Medisinske kvalitetsregister** - lære av dei som er gode

- **Samarbeid med statsforvaltaren** i Møre og Romsdal - ein må lære av uønskede hendelser
- **Fagutvikling**
- **Kvalitetsutvalget** kan være ein god arena for brukarmedverknad.

### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

### **22/22 Pasient- og brukarombudet i Møre og Romsdal**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 22/2022 i møte den 28.03.2022

### **Behandling**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal fekk ein presentasjon frå Pasient- og brukarombudet i Møre og Romsdal, Hanne Haavde Stenseth - samt gjennomgang av følgjande protokollar:

- 2021 Nasjonal årsmelding for alle pasient- og brukarombuda
- 2021 Årsmelding Pasient- og brukarombudet i Møre og Romsdal

**Pasient- og brukarombudet:** "*Vi skal ivareta pasientens og brukernes behov, og interesser og rettsikkerhet i helse- og omsorgstjenesten, og arbeider for å bedre kvaliteten på disse tjenestene*"

Alle kan kontakte Pasient- og brukarombudet for å fortelle sin historie. (*Pasient- og brukarombudets arbeid gjelder offentlig helse- og omsorgstjeneste, også offentlig tannhelsetjeneste*).

### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

### **23/22 Statusrapport februar 2022 samt orientering frå økonomidirektør Trine Sperre**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 23/2022 i møte den 28.03.2022

### **Behandling**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal fekk gjennomgang av statusrapport for februar 2022 frå økonomidirektør Trine Sperre samt ei orientering om inntektsfordeling i Helseforetaket.

Ønskje om denne orienteringa var meldt inn til økonomidirektøren i førige brukarutvalsmøte.

### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek statusrapport februar 2022 til vitende, men brukarutvalet HMR er fortsatt bekymra for ventelistene - særleg innan barn- og ungdomsspsykiatri.

### **24/22 Orientering - Pasientsentrert helsetjenestetteam**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 24/2022 i møte den 28.03.2022

## **Behandling**

Orientering om "pasientsentrert helsetjenesteteteam - tverrfagleg og ambulant team" frå prosjektleder Yngve Müller Seljeseth.

Prosjektleiaren er spesialist i indremedisin og geriatri og overlege ved Medisinsk avdeling, seksjon for hjerneslag og geriatri.

### **Mål og hensikt med PSHT HMR/Ålesund kommune.**

- Styrke helsetjenesten til eldre pasienter med sammensatte lidelser ved å bedre samhandling mellom kommune- og spesialisthelsetjenesten.
- Utvikle betre og meir helhetleg tjenestetilbod til desse pasientane.
- Særleg fokus på overgang mellom sjukehus og kommune.

Siri Talseth-Frilund skal arbeide vidare med dette prosjektet. Brukarutvalet ønskjer å få meir informasjon om prosjektet på eit seinare tidspunkt.

## **Vedtak**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende. Brukarutvalet ønskjer at det blir oppnemnt ein brukarrepresentant til prosjektet.

### **25/22 Representasjon i råd og utval**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 25/2022 i møte den 28.03.2022

## **Behandling**

Sidan førre brukarutvalsmøte har medlemmane delteke på følgjande møter:

### **Janne Remøy Endresen**

- 04.03.22: LSU Volda (fysisk møte)
- 15.03.22: LSU Volda (teams)

### **Atle Tangen**

- 08.03.22: LMS diakurs Molde sjukehus
- 15.03.22: LMS diakurs Molde sjukehus
- 25.03.22: Brukarutvalgsmøte SNR - Hjelset

### **Marie Ødegård Gjengstø**

- 09.03.22: "Protese på en dag"

### **Ann Helene Skare**

- 10.03.22: Møte i Klinisk etikk-komite (KEK)
- 16.03.22: Møte i lokalt samhandlingsutvalg Molde
- 18.03.22: Møte i lokalt samhandlingsutvalg, fellesmøte i LSU Kristiansund

- 25.03.22: Møte i brukerutvalg SNR

#### **Paula Næss Skår**

- 02.03.22: Styremøte i HMR
- 03.03.22: Styreseminar i HMR
- 16.03.22: Arbeidsmøte til Brukerutvalsmøte
- 16.03.22: Strategisk samarbeidsutvalg (SSU)
- 24.03.22: Faglig samarbeidsutvalg kunnskap....
- 25.03.22: Brukerutvalsmøte i SNR

#### **Vedtak**

Brukarutvalet HMR vedtek følgjande representantantar til Forskningsutval (FU) i HMR.

Navna vert meldt inn til forskningssjef Dag Arne Lihaug Hoff.

1. **Paula Næss Skår**
2. **Asle Giske**
3. **Daniel Ask (varamedlem)**

#### **26/22 Handlingsplan 2022**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 26/2022 i møte den 28.03.2022

#### **Behandling**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal godkjenner Handlingsplan BU 2022-2023 med dei endringar som kom fram i møtet.

Handlingsplanen blir lagt fram for styret for HMR i styremøtet 30.03.2022

#### **Vedtak**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal vedtek handlingsplan for 2022 - 2023 slik den foreligg i brukerutvalgsmøtet 28.03.22